



Miljøverndepartementet

postmottak@md.dep.no

Fiskeri- og kystdepartementet

postmottak@fk.d.dep.no

Dette brevet blir berre sendt elektronisk

Oslo 08.juli 2011

Utslepp / deponering av gruveavfall i kystsonen – behov for ei ny forvalting

Vi viser til initiativet frå Norges Fiskarlag i brev av 28.06.2011, ref 201000166/13-559 og sluttar oss til initiativet, som ber Miljøverndepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet om snarast mogleg å opprette eit tverrfagleg offentleg utval for å sjå på korleis omsynet til marint miljø i brei forstand kan bli teke omsyn til ved store planlagde utslepp frå gruveindustrien.

Det er viktig at resultatene av dette arbeidet blir ein del av grunnlaget for ny mineralstrategi.

Prinsipielt sett meiner Naturvernforbundet at Noreg må innføre eit generelt forbod mot sjødeponi av gruveavfall/ avfall slik fleire leiande grueland som USA, Canada, Kina, Australia og Brasil har gjort.

Noreg står i ei negativ stilling internasjonalt som eit av få land som ikkje har slutta med sjødeponi av gruveavfall. I dag er det berre Noreg, Papua New Guinea, Filippinane, Indonesia og Tyrkia som praktiserer dette.¹ Vi viser også til det pågåande samarbeidet mellom FN (UNEP-GPA) og London-konvensjonen for å kontroll med utslepp av gruveavfall frå land for å verne det hardt pressa marine miljøet, og viser vidare til at "Fjord" er på Artsdatabankens norske raudliste for naturtypar.

I vedlagde høyringsuttale til KLIF om implementering av EUs mineralavfallsdirektiv i norsk regelverk, går vi grundig inn på bruken av sjødeponi.

Helsing

Naturvernforbundet

Per-Erik Schulze
Fagrådsgjevar forureining og
marin biologi

Mads Løkeland
sakshandsamar

Vedlegg: Naturvernforbundets høyringsuttale til KLIF av 10.06.2011 om implementering av EUs mineralavfallsdirektiv i norsk regelverk.

¹ SAMS (Scottish Association for Marine Scientists) Research services limited: Independent Evaluation of Deep-Sea Mine Tailings Placement (DSTP) in PNG, Final Report.

Vedlegg

Innhold i høyringsuttale sendt til KLIF frå Naturvernforbundet, Oslo 10.juni 2011

Uttale til "Forslag til innføring av EUs direktiv 2006/21/EF om mineralavfall i norsk regelverk"

Vi viser til epost av 31.05.2011 frå Grethe Braastad i KLIF, der vi fekk utsetjing til 10. juni med å koma med innspel til forslaget om innføring av EU-direktivet. Vi ser på ulike miljøspørsmål rundt gruvedrift som særskilte spørsmål som vi ønskjer å uttale oss om, og ber om at vi i framtida får tilsendt slike saker når dei blir sende på høyring.

God ressursutnytting med redusert avfallsmengde og god behandling av avfallet er to av nøkkelorda for å kunne oppnå miljømessig berekraftig gruvedrift. Vi er difor glade for at det no blir utarbeidd forskrifter som går spesielt på handsaming av gruveavfall, men vi meiner at ein innafor forslagens rammer opnar for utslepp av gruveavfall som kan få alvorlege miljøkonsekvensar, særleg når det gjeld maritimt miljø. Vi ser det også slik at forslaget til norsk forskrift på nokre område er svakare enn det tilsvarande EU-direktivet. Vi er også spesielt kritiske til at forskrifta ikkje legg ned forbod mot å sleppe gruveavfall ut i sjøen.

Ut i frå dette har vi ein del innspel til endringar og tillegg til den norske forskrifta.

Innhald

Avfallsminimering og tilbakefylling	3
Rehabilitering av avfallsanlegg	5
Sjødeponi.....	5
Forebygging av massive naturinngrep	6
Vassforskrifta/ Vassdirektivet	7
Mattryggleik og mattilgong	8
Londonkonvensjonen og UNEP	8
Sjødeponi ikkje med på EUs liste for Beste teknikkar (BAT)	9
Verdsbanken og EU-parlamentet	10

Oppsummering av Naturvernforbundets innspel til forskrifta

Naturvernforbundet vil peike på følgjande:

- Sjødeponi:
Forskrifta må uttrykke eksplisitt at sjødeponi ikkje er ein akseptabel metode for å deponere gruveavfall. Aktørar med eksisterande løyve til sjødeponi får ein viss tidsfrist til å avslutte deponiet.
- Tilbakefylling:
I forslaget til forskrift (§ x-11) er tilbakefylling omtalt som tillate under visse vilkår, men ikkje som ei sentral målsetting for å redusere avfallsmengda. Dette bør bli endra, slik at det er samsvar mellom målsettinga i direktivet og målsettinga i forskrifta.
- Avfallsminimering og ressursutnytting:
I forslaget § x-7 om Avfallshandteringsplan, er spørsmålet om avfallsminimering nemnd i innleiinga, men ikkje utdjupa og vektlagt på same vis som i direktivet. Her er det behov for å stramme inn forskrifta, slik at det blir understreka og kjem klårare fram at alternativ bruk og betre utnytting av avfallet skal vera ein del av Avfallshandteringsplanen. Det må også vera ein forpliktande tidsplan for når desse tiltaka for avfallsminimering blir starta, slik at dette blir reelt og forpliktande. Som ei ledd i målsettinga om å produsere minst mogleg avfall, bør forskrifta også krevje plikt til å greia ut om driftsmetodar som produserer minst mogleg avfall, som for eksempel underjordsdrift i staden for dagbrot.
- Rehabilitering
I § x-7, §x-9 og §x-10 bør det gå fram at det er ønskeleg, i størst mogleg grad, å praktisere gradvis rehabilitering under drift (seksjonering etc).

Avfallsminimering og tilbakefylling

Pkt 3 i innleiinga til EUs direktiv seier: "nyttiggjørelse og navnlig genanvendelse bør foretrækkes, at mengden af affald til bortskaffelse bør minimeres".

Pkt 13 i innleiinga seier vidare:

Medlemsstaterne bør sikre, at driftsherrer i udvindingsindustrien udarbejder passende affaldshandteringsplaner for forebyggelse eller minimering, behandling, nyttiggjørelse og bortskaffelse af udvindingsaffald. Disse planer bør udformes på en sådan måde, at de sikrer passende planlægning af affaldshandteringen med henblik på minimering af affaldsproduktionen og affaldets skadevirkninger og fremme af nyttiggjørelse af affaldet.

I artikkel 5 om avfallshandteringsplan er dette konkretisert, og det står mellom anna:

2. Affaldshåndteringsplanen har følgende formål:

- a) at forhindre eller begrænse affaldsproduktionen og dens skadevirkninger, især ved, at der tages hensyn til:
 - iii) redeponering af udvindingsaffaldet i det tomme brud efter udvinding af mineralet, for så vidt som det er teknisk og økonomisk muligt og miljømæssigt forsvarligt i overensstemmelse med gældende EF-miljønormer samt de relevante krav i dette direktiv
- b) at fremme nyttiggørelse af udvindingsaffald ved genanvendelse, genbrug eller udnyttelse, hvis dette kan gøres miljømæssigt forsvarligt i overensstemmelse med gældende EF-miljønormer samt de relevante krav i dette direktiv

Vi vil videre vise til EUs liste over Best available Techniques, der tilbakefylling (backfill) i gruva blir grundig behandla som ein del av BAT for "Reduction of footprint".²

To sentrale prinsipp for berekraftig gruvedrift, avfallsminimering og tilbakefylling, er med andre ord grundig behandla i direktivet. Vi meiner at dette i liten grad er avspegla i forslaget til forskrift. Direktivet seier klårt at det er ei målsetting å bruke tilbakefylling i gruva for å redusere fotavtrykket, og det blir gjeve konkrete retningslinjer for korleis ein skal redusere avfallsmengda.

I forslaget til forskrift (§ x-11) er tilbakefylling omtalt som tillate under visse vilkår, men ikkje som ei sentral målsetting for å redusere avfallsmengda. Dette bør bli endra, slik at det er samsvar mellom målsettinga i direktivet og målsettinga i forskrifta.

I forslaget § x-7 om Avfallshandteringsplan, er spørsmålet om avfallsminimering nemnd i innleiinga, men ikkje utdjupa og vektlagt på same vis som i direktivet. Her er det behov for å stramme inn forskrifta, slik at det blir understreka og kjem klårare fram at alternativ bruk og betre utnytting av avfallet skal vera ein del av Avfallshandteringsplanen. Det må også vera ein forpliktande tidsplan for når desse tiltaka for avfallsminimering blir starta, slik at dette blir reelt og forpliktande. I utgangspunktet bør det bli uttrykt at ein må ha tungtvegande grunner dersom desse tiltaka ikkje startar samtidig med driftsstart på hovudressursen i gruva.

I indias er gruver utan avfall stilt opp som ei nasjonal målsetting³. Noreg bør uttrykke ei tilsvarande overordna målsetting i forskrifta, ut i frå tanken om at "avfall er ressurs på avvege".

Som ei ledd i målsettinga om å produsere minst mogleg avfall, bør forskrifta også krevje plikt til å greia ut om driftsmetodar som produserer minst mogleg avfall, som for eksempel underjordsdrift i staden for dagbrot.

² European Commission: Reference Document on Best Available Techniques for Management of Tailings and waste-Rock in Mining Activities, januar 2009, s 433

³ Government of India, Ministry of Mines "NATIONAL MINERAL POLICY", 2008
<http://www.fedmin.com/html/nmp08.pdf>

Rehabilitering av avfallsanlegg

§x-9 og §x-10 omtalar drift av anlegg og avslutning/ rehabilitering. Det vil vera ønskeleg at eit avfallsanlegg/deponi blir drifta slik at ein i størst mogleg grad kan gjennomføre gradvis tildekking/ rehabilitering i mens avfallsanlegget er i drift. Det kan skje ved seksjonering eller liknande av anlegget. Då vil ein oppnå raskare rehabilitering, og vil i mange tilfelle kunne redusere miljøproblem under drift.

Vi foreslår difor: *I § x-7, §x-9 og §x-10 bør det gå fram at det er ønskeleg, i størst mogleg grad, å praktisere gradvis rehabilitering under drift (seksjonering etc).*

Sjødeponi

Vi har merka oss at det i følgjebrevet står at "undersjøisk deponering kan aksepteres, dersom det ikkje er i strid med vannforskriften". Vi kan ikkje sjå at sjødeponi er omtalt som eit aktuelt tiltak for å kvitte seg med gruveavfall, verken i forslaget til forskrift eller i direktivet. Det er dermed ikkje omtalt krav til etablering, drift, kontroll og rehabilitering av sjødeponi.

Som eit land med spesielt lang kystline og mange fjordar, er det viktig at Noreg har ei klår og sterkt restriktiv haldning til utslepp i sjø for å ta vare på det biologisk viktige marine miljøet.

Stortingsmeldinga "Et rent og rikt hav" seier: "Våre kyst- og havområder er blant verdens mest produktive områder for levende marine ressursar. Høsting av disse ressursene har ingen tidsbegrensning hvis vi forvalter dem i et langsiktig perspektiv."⁴ Generelt kan ein seia at dei fleste trua artar i verda er i dårleg tilstand på grunn av direkte inngrep i og tap av leveområde. Attverande leveområde er difor viktige å ta vare på, ikkje berre i lokale og regionale samanhengar, men også fordi Noreg har eit internasjonalt ansvar.

Dette ansvaret gjeld ikkje minst laks, som er ein ansvarsart for Noreg og er på veg mot utrydding i Europa. Den kan raskt ende på raudlista, og er avhengig av velfungerande elver og fjordsystem. Kveite er døme på ein annan art som har vore ut og inn av raudlista, og som har få aktive og kjende gyteplassar på store djup langs kysten. Korleis vil kveita bli påverka av store og vedvarande sjødeponi? Tilsvarande for kysttorsk og andre artar.

Norske fjordar er utsette for mange negative påvirkningar, og vi har registrert at Artsdatabanken har plassert norske fjordar og fjordsystem på "Norsk rødliste for naturtyper 2011". Dette gjeld naturtypen Fjord totalt sett, både afotisk og eufotisk sone.

Noreg slit i dag med opprydding i gamle miljøsyndar knytt til utslepp og deponi i kystområda våre. Det er behov for opprydding, ikkje ytterlegare belastning på det marine miljøet.

Med bakgrunn i dette, føre var prinsippet, og argumentasjonen under, meiner vi at sjødeponi ikkje er ein akseptabel metode for deponering av gruveavfall, og at dette må bli uttrykt eksplisitt i den nye forskrifta. Vidare at eksisterande løype blir trekte attende med ein viss frist til omstilling.

⁴ "Et rent og rikt hav", St.meld. nr. 12 (2001-2002)

Forebygging av massive naturinngrep

Dei siste 20 åra har det vore lite gruvedrift i Noreg, men no skyt det fart, og det blir snakka om fleire tusen milliardar kroner i verdier som skal bli henta ut frå norske fjell.

I rapporten "GeoNor – Industriell verdiskaping basert på geologiske ressurser i Nordområdene"⁵ frå NTNU, Sintef, Norut og NGU kan ein lese: "*Deponering av avgang til sjø er en forutsetning for utnyttelse av flere strategisk viktige norske mineralressurser*". Når ein ser plasseringa av kjende, viktige mineralressursar nær fjordane omkring i landet og dei store planane, er det openbart at det vil koma søknader om deponi av gruveavfall i nesten kvar ein fjord dersom dette er ein akseptert metode i lov og forskrift. Dette kan raskt bli ei av dei største miljøutfordringane i Noreg i nyare tid, med mindre lov og forskrift slår fast at sjødeponi ikkje er ein akseptert metode for deponering av gruveavfall.

Vi vil også hevde at etablering av enorme og vedvarande utslepp av gruveavfall i fjordane er i strid med Naturmangfoldlova. Vi vil her vise spesielt til § 4:

"Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig."

Vi kan ikkje sjå at det er "rimelig" i lovas forstand å leggja fleire kvadratkilometer av ein fjordbotn daud. Vi vil her også vise til at det finst alternative metodar, ikkje minst at ein kan redusere avfallsmengda og bruke tilbakefylling, sjølv om dette kan bli meir kostbart. Å bruke sjødeponi blir dermed knytt til maksimering av økonomisk profitt for en enkeltaktør, basert på tap av naturverdier og fellesskapsgodar.

Vi vil også peike på § 9. (føre-var-prinsippet). I den samanhengen høver det å vise til den gjennomgangen som Verdsbankens ekspertgruppe gjorde i 2003 av sjødeponi av gruveavfall, og som er nærare omtalt annan stad i denne høyringsuttalen. Konklusjonen til Verdsbankens ekspertgruppe var mellom anna at det nesten alltid blir verre for miljøet enn det som gruveselskapa og deira konsumentar har planlagt og opplyser om, og at det nesten ikkje eksisterer uavhengig informasjon.

Erfaringa frå Bøkfjorden i Sør Varanger byggjer opp under konklusjonen til Verdsbankens ekspertgruppe. Det vart gjeve løyve til sjødeponi i eit visst omfang, basert på at dette skulle vera "ufarleg", og så viser det seg i ettertid at slammet spreiar seg lengre ut og får større virkningar enn planlagt, og at giftstoff spreiar seg i vatnet, sjølv om det vart hevda at dette ikkje skulle skje. Det vart nyleg avslørt at det giftige kjemikaliet Lilaflo, som skulle bli bunde i deponiet, likevel lekk ut i fjorden, og kan gje ukjende langtidsvirkningar. I tillegg har bedrifta halde dette skjult i 6 månader.⁶ Det framstår som ytterlegare usikkert og i strid med "føre var prinsippet" at aktørane ikkje lengre har krav frå KLIF til å leggja fram forhandsdokumentasjon for giftverknadene ved utslepp av prosesskjemikalier, men at slik testing no er overlate til aktørane.⁷

⁵ <http://www.sintef.no/Materialer-og-kjemi/Aktuelt-oppslag/Geologiske-ressurser-i-Nord/>

⁶ Fiskeribladet Fiskaren 03.06.2011

⁷ "Endrede krav til utslippskontroll", KLIF 10.12.2010

Vassforskrifta/ Vassdirektivet

Sjødeponi av gruveavfall strir mot det grunnleggjande formålet til Vassforskrifta/ Vassdirektivet:

§4: "Tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemiske tilstand", og er i strid med fleire andre paragrafar.

§4 om overordna krav, §12 om nye tiltak og §5 om sterkt modifiserte vassforekomstar, seier alle at god økologisk tilstand er målet for alle vassforekomstar, og at ein etter nye tiltak skal ha minst "god økologisk tilstand". Det er feil å klassifisere sjødeponi av gruveavfall som reint fysisk endring og dermed berettiget tilhøyrande unntak i Vassdirektivsamanheng sjølv om ein skulle akseptere at det ikkje er miljøgifter i eit bestemt gruveavfall (noko som sjeldan eller aldri vil vera tilfelle). Ein må ifølge Naturmangfoldsloven som gjeld for all saksbehandling i Noreg sjå på den varige økologiske virkninga av utslippet, som dekkar til og fjernar alt liv på botn og med spreining av partiklar og slam i store delar av vassforekomsten i heile gruvas levetid. Ein NIVA-rapport (vinter 2011) frå Bøkfjorden i Sør Varanger viser at slammet utrangerer alt marint liv på botn, ved at det kvelar både botndyr og algar, allereie etter kort tid⁸. Sjødeponi av gruveavfall legg som regel beslag på store areal. Det totale biologiske livet i fjorden er avhengig av eit velfungerande liv frå fjære til store djup, slik at ein fjord med sjødeponi vil få varig sterkt redusert økologisk kvalitet i eit stort område, kan hende for heile fjorden, dersom ein tek med virkninga på gyteplassar og organismar, mellom anna fiskeartar som er avhengig av å vandre gjennom området.

Det vil som regel vera giftige sprengstoffrestar og oppreiingskjemikaliar og/eller tungmetall m.m. i gruveavfallet. Dette vil bli spreia, både direkte ved utslippet og over tid gjennom utlekking, og vil kunne gje langtidsvirkningar på livet i sjøen, sjølv etter at gruvedrifta er stansa.

Artikkel 7 i Eus Vannrammedirektiv, om nye tiltak har eit tilleggsvilkår: "at den er forenelig med gjennomførelsen af anden fællesskabslovgivning på miljøområdet."

Vassforskrifta har ei tilsvarande formulering i § 13: "Hvis det i eller i medhold av annet regelverk er fastsatt strengere krav, utslippsgrenser, utfasingsmål, mål for beskyttelse eller lignende, enn det som følger av denne forskriften, skal den strengeste bestemmelsen legges til grunn."

EØS-avtalen omfattar ikkje Habitatdirektivet og Fugledirektivet, og det er uavklart med Havstrategidirektivet som behandlar marine miljø spesielt. Det er likevel slik at når Noreg har akseptert Vannrammedirektivet som ein del av EØS-avtalen, så er konsekvensen at direktivet må bli implementert minst like strengt i Noreg som i EU-landa. Det vil seia at Habitatdirektivet, Fugledirektivet og Havstrategidirektivet indirekte utgjer ein del av rammeverket for praktiseringa av Vassforskriftas § 12, saman med anna norsk lovverk og internasjonale konvensjonar og avtalar som Noreg har slutta seg til.

Dersom Noreg hadde vore medlem av EU, ville det ha medført at dårleg tilstand hos norske naturtypar ville ha gjeve ei utviding av Habitatdirektivets liste over naturtypar (Natura 2000) som krev spesielle tiltak. Når naturtypen Fjord er plassert på Norsk rødliste for naturtyper 2011, så gir det

⁸ Fiskeribladet/Fiskaren 03.06.2011

difor ein del implikasjonar for praktiseringa av §12 og §13 i vassforskrifta, både med bakgrunn i andre EU-direktiv og med bakgrunn i Biomangfaldkonvensjonen, OSPAR-konvensjonen, Bernkonvensjonen o.a.

Det er også grunn til å peike på det grunnleggjande ulogiske i å drive streng forvaltning og "vassprising" for små forureiningar eller inngrep i vassforekomstar, samtidig som ein tillet inngrep av enorme dimensjonar knytt til deponering av gruveavfall. Dette vil setja legitimiteten til Vassdirektivet i fare, og det er grunn til å tru at EU-systemet vil kunne gripe inn.

Mattryggleik og mattilgong

Det er behov for å leggja vekt på virkninga på sjømat, slik at vi sikrar tilgongen på tilstrekkeleg og trygg mat. Mattilsynet har allereie gått ut med åtvaringar mot å spise sjømat frå fleire norske fjordar, og har uttrykt sterk skepsis til ytterlegare utslepp av gruveavfall. Vi har merka oss at Mattilsynet m.fl. i 2005 kom med kosthaldsråd i område tilsvarande 1300 km² fjordareal⁹. Å fylle opp fjordbotnar med gruveavfall vil openbart auke risikoen for nye forbod mot fiske / åtvaring mot å spise sjømat i slike fjordar, og vil virke mot arbeidet som er i gang med opprydding i gamle miljøsyndar.

I tillegg til den lokale virkninga for sjømat frå fjordane, er det også eit ope spørsmål om korleis lokale utslepp i fjordane vil påvirke innhaldet av giftstoffer i sjømat frå Nordsjøen. Totalt sett kan dette få virkningar for Noregs evne til å produsere trygg mat frå havet, økonomiske tap, tap av arbeidsplassar og vanskar for busettinga langs kysten.

Det er også eit spørsmål korleis øydelegging av gyte- og vandreområde og tap av botnlevande organismar vil påvirke fiskebestandane, både i fjordane og til havs.

Det er norsk og internasjonal rettspraksis på at lokalsamfunn og kystfiskarar har hevdvunne rett på å behalda fiskeressursar og fiskeplassar. Det kan difor vera juridisk komplisert å tillate nye store sjødeponi utan aksept frå og erstatning til kystsamfunn og fiskarar. Naturvernforbundet har peika på dette i høyringane for den pågåande vurderinga av konsesjon for Nordic Mining i Engebø. Vi har enno ikkje sett at det er tilstrekkeleg juridisk avklart at bergverks-, forureinings- og planlovsmyndigheit har heimlar til å beslagleggja store produktive område i sjø for bergverksavfall.

Londonkonvensjonen og UNEP

Londonkonvensjonen og FNs miljøorganisasjon starta i 2009 eit samarbeid for å verne det marine miljøet mot landbaserte aktivitetar. Samarbeidet gjeld både for utslepp av gruveavfall og fysiske endringar/øydelegging av det marine miljøet.¹⁰ Dette samarbeidet er vidareført i 2011.

Her tek UNEP og Londonkonvensjonen opp aktivitetar med to utgangspunkt, som begge er viktig for vurdering av sjødeponi, både verknaden av sjødeponiet i seg sjølv og fysisk endring/ øydelegging av marine habitat. Dette grip direkte inn i debatten rundt fleire planlagde sjødeponi i Noreg, der det frå søkjarane blir hevda at deponiet inneheld så lite gift at det dermed ikkje er skadeleg, sjølv om det medfører massiv fysisk endring/ øydelegging av det opphavlege habitatet. UNEP sidestiller fysisk endring/ øydelegging av marine habitat med dei direkte verknadene av sjødeponi. UNEP er spesielt

⁹ Mattilsynet, SFT, Vitenskapskomiteen for mattrygghet, "Kostholdsråd i norske havner og fjorder", 2005

¹⁰ GESAMP 37/3, 09.02.2009. Activities and achievements of Sponsoring Organizations of GESAMP (pkt 11).

bekymra for at utslepp av gruveavfall frå land ikkje ser ut til å vera dekkja av dei same strenge internasjonale reguleringane som utslepp til havs.

UNEP har starta ein gjennomgang av korleis ulike land handterer sjødeponi, og etter at 8 land hadde svara på spørsmåla frå UNEP/ IMO fekk ein følgjande liste:

Land	Sjødeponi i dag?	Syn på sjødeponi
Australia	Nei	Forbode
Brasil	Nei	Forbode (Enclosed cycle with no spreading in the natural environment, land or water)
Filippinane	Ja	"Recycle, reduce, reuse mine wastes"
Japan	Nei	
Kina	Nei	Strengt forbode ved kinesisk lov
Polen	Nei	
Sverige	Nei	
USA	Nei	Forbode (Clean Water Act) Ber andre land om å vera restriktive

I tillegg er det allment akseptert at Kanada i praksis har forbod gjennom strenge krav til utslepp.

UNEP /IMO går vidare med undersøkinga i 2011, og i tillegg til generell innhenting av informasjon frå andre land, vil Noreg og Papua New Guinea bli undersøkt spesielt for sin praksis med utslepp av gruveavfall i sjø/ fjord.

Vi har også merka oss at det er eit pågåande norsk utgreiingsarbeid for korleis landbasert aktivitet i Noreg, medrekna utslepp av gruveavfall, verkar på Skagerrak og Nordsjøen.¹¹

Sjødeponi ikkje med på EUs liste for Beste teknikkar (BAT)

EU-direktivet om mineralavfall ber generelt sett om utarbeiding av BAT-liste for beste tilgjengelege teknologiar og praksis, og vi har registrert at eit forslag om å setja sjødeponi på denne BAT-lista vart avvist. Grunngeinga for å avvise forslaget var mellom anna " In case of error, the damage cannot be undone"¹². Denne grunngeinga uttrykker noko grunnleggjande ved sjødeponi, at sjølv om gruveselskap, konsultentselskap og forureiningsmyndigheit i utgangspunktet har vurdert det slik at deponeringa i ein fjord er trygg, så er det umogleg eller ekstremt vanskeleg å rette opp dersom det viser seg å gå galt for det marine miljøet. Dette tilsvarer Biomangfoldlovas krav til å bruke føre var prinsippet, ei vurdering som vi sluttar oss til.

¹¹ KLIF 04.02.2011, Faglig grunnlag for en helhetlig forvaltningsplan for Nordsjøen, Program for utredning av konsekvenser av land- og kystbaserte aktiviteter, endelig program

¹² European Commission: Reference Document on Best Available Techniques for Management of Tailings and waste-Rock in Mining Activities, januar 2009, s 443

Verdsbanken og EU-parlamentet

Vi viser spesielt til Verdsbankens grundige gjennomgang av sitt engasjement i gruveindustrien i 2000-2003. Konklusjonen til ekspertgruppa som vurderte miljø var klår, å innføre eit moratorium mot engasjement i verksemdar som praktiserte sjødeponi.

Grunngjeinga frå ekspertgruppa var mellom anna:

- Slam og giftstoff blir nesten alltid spreidd lengre ut enn planlagd av gruveselskapa og deira konsultentselskap
- Tap av biologisk mangfald, nedslamming og spreiding av kjemikaliar
- Risikofylt, også på store djup. Tap av mikrobiologisk liv ved store djup kan setja den totale økologiske balansen i fare
- Verdfulle mineral/ metall i avfallet går tapt for alltid
- Det finst nesten ikkje uavhengig forskning på sjødeponi. Det er i hovudsak utgreiingar utførte for/av gruveselskapa sjølve

EU-parlamentet støtta 29.04.2004 forslaget frå Verdsbankens ekspertgruppe, og vi siterer frå EU-parlamentets resolusjon: "Calls on the Commission, Council and Member States to support . . . a moratorium on submarine tailings disposal."

Ein uvanleg brei internasjonal allianse slutta i 2004 opp om kravet til Verdsbankens for å stanse bankens engasjement i gruveselskap som praktiserer sjødeponi. Allianse omfatta alt frå samtlige verdsfemnande miljøorganisasjonar, via eit knippe fredsprisvinnarar til mange regjeringsparti i store delar av verda, medrekna demokratane i USA.

Totalt sett vil vi oppsummere utviklinga på verdsbasis til å gå i retning av stadig strengare reglar og tiltak mot å sleppe gruveavfall i sjøen, og vi håper at den nye forskrifta sikrar at Noreg stiller seg bak dette arbeidet med å stanse bruk av sjødeponi.